

Regional budsjettgruppe 2009

Dokumentkontroll		
Saksbehandler	Gjennomgang	Godkjent av
Per Karlsen		Herlof Nilssen

Distribusjonsliste	
Navn	Institusjon
Leiargruppa i Helse Vest	
Budsjettgruppa	

Endringslogg		
Versjon	Dato	Endring
0.1	11.01.2009	Første utkast
0.2	19.01.2009	Utkast etter "Rask høring" i HFa og ledergruppa
0.9	19.01.2009	Utkast etter booking av møter
1.0	19.01.2009	Godkjent

INNHALD

INNHALD.....	2
1. BAKGRUNN	3
2. MÅL	3
3. OPPGÅVER OG AVGRENSINGAR.....	3
4. PROSJEKTPLAN	4
5. ORGANISERING AV ARBEIDET.....	4

1. BAKGRUNN

Med bakgrunn i at helseføretaka mot slutten av 2008 har fått uventa avvik i dei økonomiske resultatene har styret i Helse Vest bedt om at det blir oppretta ei budsjettgruppe for 2009 budsjettet under leing av Helse Vest RHF. Helseføretaka vil i slutten av januar ha vedtatt sine budsjett for 2009. Som eit ledd i å sikre at helseføretaka i 2009 faktisk leverer resultat som med størst mulig sikkerheit er i tråd med resultatkravet skal budsjettgruppa gjennomgå HFa sine budsjett. Administrerande direktør i Helse Vest RHF er prosjekteigar for dette prosjektet.

2. MÅL

Budsjettgruppa skal i februar 2009 gjennomgå budsjetta i Helse Bergen, Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde. Målet er å i fellesskap vurdere og kvalitetssikre budsjetta for å sikre at helseføretaka i 2009 faktisk leverer resultat som med størst mulig sikkerheit er i tråd med resultatkravet.

Innstillinga frå budsjettgruppa er ein del av beslutningsgrunnlaget for ev seinare korrigerings av HFa sine budsjett, og for konsernbudsjett 2009.

3. OPPGÅVER OG AVGRENsingAR

Kvalitetssikringa av budsjetta er tenkt gjort i to trinn.

Trinn I: Utarbeide ein presentasjon av budsjetta i HFa slik dei er no. Presentasjonen blir laga av økonomi- og finansavdelinga i Helse Vest. Presentasjonen blir dels laga gjennom ei skrivebordsundersøking, dels ved ny datainnhenting frå HFa og del ved eit førebudd møte med kvart av HFa. Datainnsamling og møte blir avtalt særskilt med kvart HF.

Trinn II: Ei heildagssamling der budsjettgruppa med basis i presentasjonen av føretaka og material som er sendt ut på førehand arbeider med kvalitetssikring av budsjetta individuelt og i grupper. Med basis i dette arbeidet oppsummerer budsjettgruppa arbeidet. Det er eit mål at gruppa skal nå mest mogleg felles konklusjonar og tilrådingar til vidare grep.

Nokre viktige forhold gruppa må vurdere:

- Er budsjettet framstilt på standard mal?
- Er lønnsoppgjær realistiske budsjettert?
- Er tilgjengelege verktøy nytta (eks. GAT)
- Kva slags metodikk er lagt til grunn – rammebudsjettering?
- Korleis er risiko i budsjettet handtert?
- Er det definert tilstrekkeleg mengde tiltak for å nå resultatkravet (kva er realistisk realiseringsgrad og er det tatt høgde for dette)?
- Er budsjettet brutt ned til lågaste ansvarsnivå?
- Er budsjettet periodefordelt i tråd med aktivitet?
- Er måltal for årsverk realistisk og er disse fordelt på periode/avdeling?
- Er budsjettert pasientbehandling realistisk?
- Er budsjettet realistisk?
- Er det lagt inn reserve i budsjettet?
- HFa sitt aktivitetsnivå (knytt til inntektssida)
- Korleis er forholda rundt ”rekvisisjonsøkonomi” som til dømes ”transport” og ”gjestepasientar” handtert i budsjettet

Budsjettgruppa skal bestå av administrerande direktørar og økonomidirektørar i Helse Bergen, Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Forde, samt leiargruppa i Helse Vest RHF.

4. PROSJEKTPLAN

	Milepæl	Dato
#1	Deltakere i budsjettgruppa er oppnevnt	20. januar 2009
#2	Mandatet er godkjent	20. januar 2009
#3	Skrivebordsundersøking er gjennomført	Uke 4 og 5
#4	Møte med Helse Stavanger	27. januar 2009 kl 13.00 – til vi er ferdig
#5	Møte med Helse Førde	29. januar 2009 kl 10.00 – til vi er ferdig
#6	Møte med Helse Fonna	6. februar 2009 – kl 10.00 til vi er ferdige
#7	Møte med Helse Bergen	9. februar 2009 – kl 9.00 – vi er ferdige
#8	Presentasjon av HFa er ferdig og sendt til budsjettgruppa	11. februar 2009
#9	Heildagssamling i budsjettgruppa er gjennomført	12. februar 2009
#10	Innstilling fra gruppa foreligger	12. februar 2009
#11	Gjennomført kvalitetssikring/høring innstillinga frå budsjettgruppa	15. februar 2009
#12	Skrivefrist konserbudsjettsaken	16. februar 2009
#13	HF styra har behandla innstillinga frå gruppa	før 4. mars 2009
#14	RHF styret har godkjent konserbudsjett	4. mars 2009
#15	Føretaksmøta for HFa er gjennomført med	5. mars 2009

5. ORGANISERING AV ARBEIDET

Administrerende direktør i Helse Vest er prosjekteigar og har ansvar for

- Godkjenning av mandat og omfang for arbeidet.
- Behandling og godkjenning av endringar i arbeidet.

Prosjektleiinga har ansvar for planlegging, gjennomføring og dokumentasjon og er sett saman av:

Per Karlsen, prosjektleder

Terje Arne Krokvik, prosjektkoordinator

Jan Erik Lorentzen, prosjektkoordinator

Anne May Sønstabø, prosjektkoordinator

Budsjettgruppa har ansvar for å legge til rett for arbeidet i sitt føretak og å delta på den planlagte heildagssamlinga. Gruppa er sett saman av:

Herlof Nilssen	Administrerende direktør	Helse Vest
Helge Bryne	Viseadm. direktør	Helse Vest
Hilde Christiansen	Personaldirektør	Helse Vest
Odd Søreide	Fagdirektør	Helse Vest
Bjørge Sandal	Kommunikasjonsdirektør	Helse Vest
Ivar Eriksen	Kst. Eigardirektør	Helse Vest
Per Karlsen	Økonomi- og finansdirektør	Helse Vest
Sverre Uhlving	Administrerende direktør	Helse Stavanger
Marit Sandve Myrland	Økonomi- og finansdirektør	Helse Stavanger
Stener Kvinnsland	Administrerende direktør	Helse Bergen
Dagfinn Halseth	Kst. Økonomidirektør	Helse Bergen
Kari Ugland	Administrerende direktør	Helse Fonna
Helge Jørgensen	Økonomi- og finansdirektør	Helse Fonna
Jon Bolstad	Administrerende direktør	Helse Førde
Tom Hansen	Økonomi- og finansdirektør	Helse Førde